

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.08.2024

Vår ref.: 202319382-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Saksbehandlar: Bård Ottesen,
baso@nve.no

Høyring av søknad om løyve til uttak av grunnvatn på gnr./bnr. 20/1 i Førde - Høyanger kommune i Vestland

NVE har motteke ein søknad frå Osland Genetics, datert 08.12.2023, om løyve til uttak av grunnvatn på gnr./bnr. 20/1 i Førde i Høyanger kommune. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/9338/V, og den blir kunngjort av NVE i Sogn Avis. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Osland Genetics v/Thoralf Solberg på tlf. 90 73 84 99 eller e-post: thoralf@osland.no.

Kva søknaden gjeld

Osland Genetics har eit stamfiskanlegg for regnbogaure på Oslandsøyra i Høyanger kommune. Anlegget har behov for ei meir stabil løysing for vassforsyninga si då dei planlegg å ha stamfisk på land større delar av året for å sikre havbruksnæringa tilgang til rogn heile året. I tillegg har dei teke i bruk eit nytt inkubasjonssystem, singelinkubering, som krev meir vatn. Det er ønskjeleg å ta ut grunnvatn frå Førde sidan noverande vasskjelde er for liten og ustabil for framtidig planlagt produksjon. Osland Genetics søker difor om konsesjon etter vassressurslova § 45 til uttak av inntil 70 l/s (4,2 m³/min) grunnvatn på gnr./bnr. 20/1 i Førde i Høyanger kommune. Grunnvatnet er planlagt henta ut frå to brønner i lausmassar like ved Førdselva i Førde. Vatnet skal førast via sjøleidning frå Førde til Osland Genetics sitt anlegg på Oslandsøyra.

NVE behandlar vassuttaket etter vassressurslova medan Høyanger kommune behandlar vassleidningen etter plan og bygningslova.

Osland Genetics har fått løyve frå Høyanger kommune til å plassere ein container på gnr./bnr. 20/1 som skal innehalde vasspumper og vasstank for levering av vatn til stamfiskanlegget (Høyanger kommune, 2022). I same brev gjev kommunen også løyve til legging av vassleidning langs fjordbotn frå containeren og ut til anlegget.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på www.nve.no/9338/V



- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale saksnummer 202319382» i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er **19.09.2024**.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen dykkar er lang, er det difor ein fordel om de lagar eit samandrag som kan brukast til dette.

Kva ønskjer vi innspel om?

Vi ønskjer grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

Vi ber kommunen informere om kjente allmenne interesser som kan bli påverka av tiltaket. Dette kan vere friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Det er også av interesse for oss å få informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget osv.

Vi ber Statsforvaltaren og fylkeskommunen om å vurdere om kjente allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg vurdere tiltaket opp mot sitt sektoransvar.

Informasjon om saksbehandlinga

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 45.

Etter at høyringsfristen er ute får søkar anledning til å kommentere innkomne høyringsuttalar, før NVE vanlegvis gjennomfører synfaring i området. Alle som har sendt inn uttale vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne uttalar er eit viktig grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25, som er at fordelane må vere større enn ulempene for at vi skal kunne gje løyve. I den samla vurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve skal gjevast og i kva utstrekning. Eit vedtak blir alltid grunngjeve.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det vere knytt vilkår til denne, jf. vassressurslova § 26.

NVE sitt vedtak kan klagast på til Energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet det er komme fram til parten. Retten til å klage avgrensar seg til dei som har klagerett.



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i tråd med interne rutinar

Mottakarliste:

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
HØYANGER KOMMUNE
Norges Miljøvernforbund
Mattilsynet
Sogn og Fjordane Turlag
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Friluftsrådenes Landsforbund - Bergen og Omland Friluftsråd
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Høyanger Jakt- og Fiskelag, v/leder Helge Øyehaug
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

Randi Holme
OSLAND GENETICS AS